

Statuttar for pris for likestilling, inkludering og mangfald ved Høgskulen på Vestlandet (LIM-prisen)

(Oppretta i oktober 2022, revidert av rektor mars 2023)

Prisen skal framheve og anerkjenne fagmiljø, enkeltpersonar eller studentar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) som har gjort eit godt arbeid innan likestilling, inkludering og mangfald.

Tildeling av prisen blir gjort etter disse kriteria:

Prisen for likestilling, inkludering og mangfald (LIM prisen) kan tildelast til:

Fagmiljø, enkeltpersonar eller studentar ved høgskulen som har gjort ein merkbar innsats for å setje i verk gode tiltak og aktivitetar som fremjar og synleggjer godt arbeid innan likestilling, inkludering og mangfald og støtter opp om høgskulens handlingsplan på området.

Utlysing:

Rådet for likestilling, mangfald og inkludering har ansvaret for at prisen blir lyst ut kvar haust og gjort kjend i HVL både for tilsette og studentar.

Nominering:

Alle tilsette, studentar og formelle høgskule- og studentorgan kan melde inn framlegg til kandidatar. Forslaga må grunngjevast i tråd med prisens statuttar og formål.

Vurdering av dei nominerte og tildeling:

Rådet for likestilling, mangfald og inkludering har fullmakt frå rektor til å vurdere kandidatane og avgjere tildelinga av prisen. Tildelinga skal grunngjevast i tråd med kriteria i statuttane for prisen.

Tildelinga skal gå til nominerte som har gjort ein merkbar innsats for å setje i verk gode tiltak og aktivitetar som fremjar og synleggjer godt arbeid innan likestilling, inkludering og mangfald

Det skal leggast vekt på tiltak som fører høgskulens arbeid med likestilling, inkludering og mangfald vidare på nye og berekraftige måtar.

I vurderinga av dei nominerte skal arbeid som støtter opp om og er i tråd med høgskulen sin handlingsplan på området skal telle positivt.

Pris og utdeling

Prisen er på 25.000 kroner¹ og eit diplom. Prispengane skal brukast til tiltak som kan bidra til vidare godt arbeid med likestilling, mangfald og inkludering. Tildeling skjer i slutten av haustsemesteret. Det er rektor som deler ut prisen i samband med den årlege utdelinga av ulike prisar ved høgskulen.

¹ Per 2023 – beløpet kan justerast av rektor i takt med den økonomiske utviklinga